

God skilting og mange turar

15.04.2016



Ta turen 2016 – turprogram for Kvinnherad turlag

**Alt ligg vel til rette for fine turar i fjellet i sommar. Kvinnherad turlag sitt turprogram er gjort kjend. Uskedalsfjella er ein viktig del av dette tilbodet. Turen til Ulvanoso er alt gjennomført. Seinare kjem tur til Geitadalstind og Skorpefjellet.**



**God skilting og merking er viktig om turen skal lukkast**

Eit nytt innslag er skeising på Fjellandsbøvatnet på ein høvande dag i perioden februar – mars 2017. Tilbodet er tenkt for born og ungdom. Seniorgruppa er aktiv. Det same er kajakkgruppa.

Av mange turleiarar finn vi fleire frå Uskedalen. Namna som går igjen, er Kjell Yri, Anbjørn Høivik, Geir Eidsvik og Steinar Kroka. I tillegg til turane i Kvinnherad turlag, må vi ta med at Kvinnherad kommune sitt bedriftsidrettslag og andre bedriftsgrupper legg inn organiserte turar i Uskedalen.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland